

Venelaget

MEDLEMSHEFTE FOR
VENELAGET OLAV H. HAUGE,
STIFTA 1999

DESEMBER
2024



INNHALD

Bidragssytarane i dette heftet	4
Leiaren har ordet - <i>Ågot Gammersvik</i>	5
Mitt Haugedikt - <i>Marit Hafting</i>	7
Konsert og prisutdeling - <i>Sandel Schadenberg</i>	8
Den siste våren - <i>Ågot Gammersvik</i>	13
Mine møte med Olav H. Hauge - <i>Truls Horvei</i>	18
Kvar finst skriftleg materiale etter Olav H. Hauge - <i>Alf Gunnar Eritsland</i>	23
Olav H. Hauge om Jol og vinter - <i>Guri Hjeltnes</i>	24

BIDRAGSYTARANE I DETTE HEFTET

TRULS HORVEI

Forfattar og journalist. Jobba i Haugesunds Avis frå 1984–2021. Har skrive 11 diktsamlingar og to ungdomsromanar, og gitt ut 6 CD med poesi og musikk. Har hatt fleire kunstutstillingar sidan 2022.

SANDER SCHADENBERG

Er journalist i avisa Hordaland.

ALF GUNNAR ERITSLAND

Har vore førstelektor i norsk ved OsloMet. Medlem i styret for Venelaget. Redaktør for dette heftet.

GURI HJELTNES

Historikar og journalist. Har vore direktør ved Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter. Bokmeldar og forfattar av fleire sakprosabøker.

ÅGOT GAMMERSVIK

Leiar av Venelaget Olav H. Hauge. Magistergrad i etnologi. Har vore direktør ved ulike museum, mellom anna Hardanger Folkemuseum og Maihaugen.

MARIT HAFTING

Har vore overlege ved Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk Voss. Var medlem i styret for Venelaget fram til 2024.

LEIAREN HAR ORDET

Ågot Gammersvik

Vi er komne fram til julenummeret av Venelagsheftet for 2024, og det er tid for å gje medlemmane våre eit nytt medlemsblad til jol med eit lite tilbakeblikk på året som snart er omme. Dette har vore eit minnerikt år på fleire måtar, ikkje minst med tanke på Poesifestivalen i Ulvik. Under festivalen arrangerte Venelaget eit arrangement på Rossvoll kalla «Under bergfall». Konserten var tinga og utford av folkemusikarane Lajla Buer Storli, Berit Opheim, John Ole Morken og Irene Tillung. Etter konserten, men som del av arrangementet, vart Amboltprisen 2024 delt ut til Geir Netland.

I dette medlemsheftet finn du Geir Netland sin tale på Rossvoll, der han takkar for Amboltprisen og fortel om arbeidet sitt ved Haugesenteret.

Både tildeling av Amboltprisen og konserten vert nærare omtala i ein artikkel i Venelagsheftet av journalist Sandel Schadenberg, som var til stades i Ulvik.

Etter konserten hadde Venelaget årsmøte i heimen til Olav H. Hauge og Bodil Cappelen på Rossvoll. Her vart det vald nytt styre, årsmøtet reviderte statuttane for tildeling av Amboltprisen og ny nemnd for tildelinga. Som tildelingsnemnd er valgt Jens Morten Haukaas, Eirik Vassenden og Alf Gunnar Eritsland.

Protokoll frå årsmøtet, statuttar for tildeling av Amboltprisen og tildelingsnemnd er lagt ut på vår nettside. På www.venelagethauge.no finn du meir informasjon.

Journalist Truls Horvei møtte Olav H. Hauge i fleire samanhengar. Her skriv han

ein artikkel om korleis Hauge sin forfatterskap og møta med han har gitt næring til Horvei si eiga diktskriving og måling av bilete.

Guri Hjeltne har sett nærare på dagbøkene til Olav H. Hauge og korleis han omtalar jula. I sin artikkel kjem ho nærare inn på skikkar og feiring av jula på Rossvoll i Ulvik.

Det er 30 år sidan Olav H. Hauge gjekk bort. I ein artikkel kalla «Den siste våren» vert dette markert.

Lesaren vil merka seg fleire nye satsingar i dette Venelagsheftet. Vi har valgt å ha eit nytt omslag av teiknaren Kristian Krogh-Sørensen, denne gong med vintermotiv. Med ny kompetanse i styret vil Venelagsheftet no få nytt oppsett.

I dette venelagsheftet ynskjer vi også å etablere ein ny tradisjon, der ein av våre medlemmer vel sitt favoritt-dikt - og grunngjev valet.

Styret for Venelaget vil retta ei stor takk til Tone og Stein Olav Kolaas for god mottaking på Rossvoll og all velvilje i samband med gjennomføringa av arrangementa.

Hjarteleg takk til frivillige som organiserte henting og bringing av stolar og bord, lyd og ljøs og dei som stod på stand under heile Poesifestivalen og sikra oss nye medlemmer i Venelaget. Styret rettar stor takk også til Marit Hafting og Torbjørn Ljones for arbeidet dei har utført for Venelaget gjennom mange år.

Med dette ynskjer vi alle våre medlemmer ei retteleg god jol!



Utsnitt av Nikolai Astrup, «Vårnatt i hagen», 1909. Rasmus Meyer's Samlinger, Kode Kunstmuseer og komponisthjem. Foto: Dag Fosse.

MITT HAUGEDIKT

Marit Hafting

Til eit Astrup-bilete

Kan henda drøymde dei um dette her
å møtast på ein klote, på ein stad
der hegg og apal stend i syreblad
og blømer slik ei dulgrøn vårnatt nær

ved fjorden? Vera saman, planta bær
og så ein innvgd åker rad for rad
med urter bak ein steingard som dei la
kring helga lundar, dei som fyre fer?

Dei er i riket sitt og sår si jord.
Og vårnatti er ljøs av draum og gror.
Dei legg ikkje merke til at *ein* kjem stilt

i snjoskardet og stig på vatnet no.
Men då dei natta, såg dei månen vod
i gullserk ute der so unders mildt.

Frå *På ørnetuva* 1961

Eg vart beden om å finne eit Hauge-dikt til dette nummeret av Venelagsheftet. Det er så mange å velje mellom, så mange å glede seg over, så mange som set i gang undring, som gjev svar. Etter kvart fall valet på Til eit Astrup-bilete. Aukande klimakrise, krigar, hungersnaud og manglande respekt for menneskeverd gjev ei kjensle av hjelpeløse og trong til eit feste – ein stad å vere for ei stund – samle overskot til å møte dagane med vonde nyhende og grusomme bilete. Diktet omhandlar ein tilstand, kanskje ein draum, om å møtast i ei «dulgrøn»

vårnatt i åkeren med vekstar og tre og lukt av jord der plantar og frø gror, verna av eit steingjerde ... og etter kvart kjem månen «so unders mildt».

Det er mange litteraturforskarar og andre som har tolka dette diktet og har kome fram til ulike forståingar. For meg held det med den nære opplevinga av eit møte mellom to menneske i arbeid med vekstar og frø som gror og ein måne som vil dei vel – det vert som krype inn i «Lauvhyttor og snøhus» (frå *Spør vinden*) for ei lita stund.

KONSERT OG PRISUTDELING

Venelaget på Rossvoll under poesifestivalen

Sandel Schadenberg

På Rossvoll – Olav H. Huges gamle heimstad – vart det laurdag 14. september arrangert konsert («Under bergfall») og prisutdeling i regi av Venelaget Olav H. Hauge.

Ågot Gammersvik frå Venelaget fortel at det er blitt ein tradisjon å bruka denne staden.

– Me er blitt veldig godt tatt imot av noverande eigar av garden, Stein Olav Kolås. Han har opna heimen til Olav og kona Bodil Cappelen, og i atelieret er det sett opp ei eiga utstilling om familien Hauge.

For å koma seg til Rossvoll i dag, har dei fleste parkert hjå Kolås, og deretter tatt ein kort gåtur inn forbi eplehagen der arrangementet fann stad. På vegen inn var det også mogleg å få kjøpt med seg lokale fruktprodukt. Framføre scenen vart det sett fram fleire stolar rett før konserten skulle byrja; for det var ikkje reint få som hadde teke turen for å få med seg opplegget.

Konsert

Konserten var med songarane Berit Opheim og Lajla Storli, frå Voss og Hardanger. Tonefølge var med Irene Tillung på trekkspel/akkordion og John Ole Morken på fele og gitar. Lajla Storli nytta også hardingfele. Alle musikarane har solid bakgrunn i folkemusikken, noko uttrykket sjølv sagt bar preg av.

Så entra folkemusikantane scenen. Dei tolka velvalde haugedikt gjennom vakre harmoniske tonar. Mellom fjell og epleranker kom både folkemusikk og dikt verkeleg til sin fulle rett! Scenen dei spelte på er den eine langsida til reiskapshuset på garden.

Konserten gav eit variert uttrykk med song, trekkspel, akkordion, hardingfele, fiolin og gitar. Publikum svarte med jubel, og det såg ut til at eit par av dei tok til tårene også! Kanskje ikkje så overraskande; for det kan trygt seiast at samtlige komponentar klaffa, og resultatet vart dermed ei kunstoppleving av beste sort.



Musikarane Iren Tillung, Berit Opheim, Lajla Buer Storli og John Ole Morken under konserten på Rossvoll. Foto: Sander Schadenberg

Å tonesetja Hauge sine dikt viser seg – ikkje heilt overraskande – å vera ein ypparleg idé. Det er jo nettopp det enkle språket i Huges poesi som bidreg til denne umiddelbare konsertopplevinga. Musikantane treng ikkje å spela same låt tre gonger for at publikum skal forstå kva dei faktisk formidlar. For «Eg er berre ei sleggje» kan på sitt herlege vis, vera berre dét. Tvetydigheita kan ein heller grubla over på veg til neste programpost; kanskje får då konserten enda ein dimensjon. Poenget er – han *treng* det ikkje.

Musikarane ynskte å bruka *Per Indrehus* sine komposisjonar til Olav H. Hauge sine dikt. Indrehus har nytta eit folkeleg preg på musikken til dikta, og tekst og tone fell naturleg saman for folkemusikarane.

Folkemusikarane nytta også tra-

disjonelle slåttar som høver til musikken Per Indrehus har laga. Dette gir eit bilete på kor mykje dikta til Olav H. Hauge høver til det folkemusikalske uttrykket.

John Ole Morken og Lajla Storli har også komponert musikk til nokre av Olav H. Hauge sine dikt. Dei vert presentert enkelt med song og gitar, og ein høyrer at dette er som å kvede eit stev eller liknande.

– Slik ynskte vi å skapa eit nært og kjenslevart møte mellom song, gitar og tekst.

Irene Tillung har komponert musikk som flettar saman nokre av dei korte dikta, slik at ein kanskje kan høyre lyden av temaet Olav H. Hauge tok opp i dei einskilde versa. Her kan ein mellom anna høyre dikta «Sleggja», «Hestar og Loffarar» og «Hoggestabben» med fleire.



Leiar i Venelaget, Ågot Gammersvik saman med Geir Netland. Foto: Sander Schadenberg

Lajla Storli fortel korleis det var å spela på Rossvoll.

- Det å spela på tunet til Olav H. Hauge var heilt enormt. Backstage var jo kjøkkenet hans! Heilt fantastisk! Me kunne ikkje bedd om noko meir. Publikum verka dedikerte, og viste kjensler då dei tok imot tekstane dei kjende frå før. Ei stor æra, rett og slett!»

Prisutdeling

Etter konserten blei *Geir Netland* tildelt Amboltprisen av Venelaget Olav H. Hauge, ved leiar Ågot Gammersvik. Ho fortel:

- Det som kjenneteiknar dei som får denne prisen, er at dei har jobba for å fremja Hauge si dikting. Geir har gjort ein enorm innsats for

å byggja opp Hugesenteret, i samarbeid med kultursentera i Volda og Telemark. Det arbeidet han har lagt ned dei siste ti åra med gjera dette til ein institusjon, står det respekt av. I dag er det blitt ei fin utstilling, der ein mellom anna finn boksamlinga til Hauge. Her kan ein koma og setja seg inn i Hauge sitt liv og virke. Det er også kafé i kjellaren, og moglegheit for å leiga møterom. Dermed har me fått eit profesjonelt kultursenter, seier Gammersvik.

Geir Netland:

«Takk for Amboltprisen»

Takk til styret i Venelaget for denne gjeve prisen. Det er ei stor æra, og eg må innrømme at eg blir både litt svimmel og audmjuk når eg ser på alle dei

legendariske Hauge-kjennarane som har fått Amboltprisen før meg.

Det har vore ei eventyrleg, spennande og innhaldsrik reise å få vera med på å starta opp og driva Hugesenteret. Dei 10 første åra har gått fort. Det var gjort eit grundig og godt forarbeid frå fleire; OHH-stiftinga, Venelaget og Nynorsk kultursentrum for å nemna nokre.

Forprosjektet til senteret hadde mange spanande tankar om kva senteret kunne innehalda. Utstillingsgruppa hadde dyktige fagfolk med på laget og ein klar visjon for kva senteret måtte innehalda.

Å finna løysing og konkretisera alle idéane og forslaga var både kjekt og krevjande. SixSides i Oslo fekk utstillingsoppdraget. Heldigvis hadde eg to dyktige og kreative medarbeidarar på Hugesenteret med frå starten av – Guro Ljone og Terje Hjartnes la ned ein imponerende innsats slik at me kom i mål med alt innhald til opninga i september 2014. I tillegg til offisiell opning skulle også Hugesenteret ha ansvaret for Poesifestivalen for første gong. Her kom noverande arenaleiar Jorid Lekve Eide inn som ein reddande engel. Og ja, det blei ei flott opningshelg med festival og det heile!

Det mest berikande desse ti første åra til senteret har vore alle barn og unge - frå barnehageborn til elevar på vidaregåande - som har oppdaga

poesien si magiske verd og krafta i Hauge si dikting. At Hauge sine vers, som har forma og inspirert så mange av oss, framleis engasjerer og skapar ettertanke hos unge i dag.

Eg må og nemna nettverket for poetisk tenking og lyrikkseminara som Hauge-senteret med sin dyktige og kunnskapsrike konservator Stein Arnold Hevrøy har arrangert gjennom fleire år. Lyrikkseminara har blitt ein viktig arena for ny forskning på lyrikk og poesi, og har resultert i fleire antologiar – no seinast Hauge-antologien «Her må då ordi koma», som blei lansert her under Poesifestivalen i går!

Hauge-senteret og Nynorsk kultursentrum har også lagt ned eit omfattande arbeid med å få digitalisert viktige og interessante notat og merknadar i Hauge si boksamling. Desse kan alle no studera nærare på nettstaden Digitalt Museum.

Til slutt vil eg takka Torunn Hovland Ljone for den viktige og strategiske innsatsen ho la ned som leiar i OHH-stifting. Eg vil og takka tidlegare direktør i Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad, som hadde tru på ein film- og kinomann frå Rogaland og tilsette meg som leiar. Og sist, men ikkje minst, dei dyktige, kunnskapsrike og inspirerande kollegaene på Hauge-senteret som gav meg dei kjekkaste og trivelegaste åra i mitt over 40 år lange arbeidsliv! Tusen takk!



Olav H. Hauge og Robert Bly, våren 1994. Foto: Haugesenteret

DEN SISTE VÅREN

Ågot Gammersvik

I år er det 30 år sidan Olav H. Hauge døydde. Han var sjuk den siste våren, men lite visste vi om det, anna enn at han fortalde han også denne vinteren var plaga av helveteseld. Hauge hadde gode genar, og slekta hans nådde høg alder. Difor kom bortgangen uventa. Men det var ei særskild hending denne siste våren som gjorde at eg kom til å stå nærare slutfasen hans enn eg elles ville gjort.

Olav H. Hauge ringde meg ein dag i mars 1994. Eg var då leiar ved Hardanger folkemuseum, Utne.

«Du veit det, eg har fortalt deg om Robert Bly, og no har dei arrangert det slik at han skal koma til Oslo i vår. Dei vil at me skal møtast. Men då seier eg deg, at det skal skje på Hardanger folkemuseum. Ja, det ordnar du.»

Skal vedgå at eg fælte litt over oppgåva med det same. Men når Olav sa det so fast, so laut det verta slik. Når han seinare svara litt unnvikande at han nok skulle koma og lesa dikt, dersom helsa heldt, ja, då trudde eg at det var den gamle, kjende reservasjonen hans.

Då dette hende var Olav H. Hauge blitt ein sentral diktar. Eg hadde råka bli kjend med han fordi han var interessert i historie og arbeidet mu-

seet gjorde. Var det noko han meinte museumstyraren på Utne trong å vita, ja då tok han telefonen og bad meg koma til Ulvik.

Bakgrunnen for Robert Bly si reise til Norge denne gongen var at tidsskriftet *Dyade* hadde invitert han til ein workshop og ei forelesning over hans siste bok «Iron Man» (1990). Boka var nett omsett til norsk med tittelen «Mannen». Arrangøren ville også skipa til eit diktarmøte mellom Robert Bly og Olav H. Hauge. Då eg kontakta arrangørane, var dei positive til samarbeid om eit møte på Hardanger folkemuseum.

Bly til Hardanger

Robert Bly kom til Voss med tog frå Oslo. Bodil Cappelen, kona til Hauge, og eg stod på perrongen og tok imot han. Bly var ein røsleg kar, og kom i pelshue og fotsid frakk. Det var ikkje vanskeleg å få auga på han mellom dei andre reisande. Olav og Bodil hadde invitert han til å bu hjå dei i Ulvik – gamle venner som dei var. Gjensynsgleda var stor, og Bodil køyrde glad og nøgd med Robert i bilen. Heime på Rossvoll venta Olav. Han skreiv seinare i dagboka, 17. april 1994: «Store ting har hendt. Robert Bly har vitja meg i Ulvik nokre dagar.»

Etter å ha vore gjest hos Olav og Bodil, kom Robert Bly til Utne Hotel

siste veka før arrangementet på museet. Frå Utne drog han kvar dag til Ulvik for å snakka med Olav. Om ettermiddagen kom han attende, og eg møtte han på hotellet og fekk rapport. Det starta med triveleg planlegging av korleis diktarmøtet kunne gjerast mellom dei to. Etter kvart kom det nokre urovekkjande tilbakemeldingar.

Dei første møta mellom Hauge og Bly

Olav H. Hauge hadde tidlegare fortalt meg om Robert Bly (1926–2021) og ikkje minst om korleis dei møttest for mange år sidan. Olav hadde funne nokre dikt i ein engelsk publikasjon som han sette særst høgt. Som kjent var Olav sjølv lærd i engelsk, og etter kvart omsette han mange engelske dikt til norsk, også dikt av Robert Bly. Seinare fann Olav ut at Robert sine besteforeldre kom frå Hardanger, men i Amerika vart etternamnet Bleie til Bly.

Olav fortalde at han heile tida kjende seg i slekt med dikta til Robert Bly. «Ikkje så rart, mannen kom då frå Hardanger», lo han lunt.

Robert Bly fekk eit Fulbright-stipend, som gjorde at han i 1956–57 kunne opphalda seg i Norge og læra norsk. Medan han var her, omsette han også norske dikt til amerikansk.

I 1970-åra møttest endeleg desse to. Robert Bly vitja Olav H. Hauge i heimen hans i Ulvik. Vennskapen vaks. Dei skreiv til kvarandre og omsette kvarandres dikt i mange år. Dikt av Robert Bly omsett av Olav H. Hauge finn vi i *Odin House, Madison Minnesota*, 1972. Dikt av Olav H. Hauge omsett av Robert Bly til amerikansk

finn vi i *Trusting your life to water and eternity. Twenty poems by Olav H. Hauge*, 1987.

Diktarmøte i Hardanger

No skulle desse to store diktarane endeleg møtast att – i Hardanger.

Kvar dag snakka eg med Olav i telefonen om diktarmøtet. Han gledde seg. Alltid hadde han vore villig til å koma og lesa opp dikt på museet. Men no kjende han seg enkelte dagar sjuk. «Du veit, det er denne vetteren. Eg har sete inne. Hadde eg hogga ved som ho Bodil, då hadde eg vore sprek som ein fole», lo han. Eg minna han om at han har lova meg å tina opp att til våren.

Neste gong eg ringer er han reteleg i godlune, gler seg over besøket til Robert Bly, over samtalanene, og ser fram til diktarmøtet. Han har funne fram dikta han vil lesa, og Bodil har tru på at han vil gjennomføra det. Det gjev meg tillit til at diktarmøtet skal gå som forventa, at Olav H. vil «tina klakjen or kroppen», som han uttrykkjer det.

Robert snakka lågt ein ettermiddag han kom att frå Ulvik. “You know, Olav will never make it, he will never make it to Utne and the reading at the Hardanger Museum”.

Robert Bly fortel om ein samtale mellom to eldre menn, som begge har forståing for kunsten å bli gamal. Etter kvart som eg lyttar, forstår eg litt meir av livets kanskje mest smertefulle prosess; å verta gamal, å gje opp livet. Midt i vakraste våren.

Eg bøyer meg fram over bordet og seier: «Det er ei lukke at du kom hit denne våren. Det er du som kan

Admiring Olav H. HAUGE in Ulvik

I admire him so much, as he stands up,
And slowly walks to the door, his hair tousled,
His legs thin, to fetch a book, pulls
it down and says, “No doubt you’ve already read this?”

He has. He paddles among these ice floes,
These enormous fat books, like a great Eskimo
Hunter, for there are seals below in the sea,
Offering their hides, their fat, their great lonesome eyes.

“Oh yes”, he says, “Oh yes”. Some truths been
Said. Someone in Persia or Hardanger has written great
Poems. “Oh yes.” He stands again, goes to the wall.
“Emerson was a keen reader. Oh yes!”

The orchard, the cat, the stove that enjoys all night
The wood chunk it has, the grass, the ladder,
The bird, Bodil – all of these are gifts.
I am proud to know him, this old man late in life.

Who stands up and says, “No doubt you’ve lived all this”.

Diktet blei lese opp på Hardanger folkemuseum, Utne, april 1994

hjelpa Olav der han er no. Ingen av oss andre har vilja innsjå at han er inne i ein slik aldringsprosess. I mange år har han bore alderen godt, og me har alle tenkt at han nok skal bli så gamal som mor si. Du veit, me vil gjerne ha han her mellom oss so lenge som råd».

Då eg etterpå snakka med Olav i telefonen, opplevde eg at han freista trøysta meg fordi han måtta trekkja seg. «Du treng ikkje meg», sa han, «du har då sjølv høvdingen til å lesa dikt.»

Kor godt det var for Olav at venen Robert kom og kunne gje han stød i den siste tida. Dei to gamle venene kunne snakka saman om sine inste tankar, og Olav kunne få hjelp til den siste delen av livsvegen. Eigentleg var det rørende og vakkert, men uen-

deleg vondt å tenkja på at han kanskje skulle forlata oss.

Robert Bly var roleg, men bekymra, og skreiv fleire dikt om Olav desse dagane i Hardanger.

Gjennomføringa

Det er fredag 11. april. Dagen er komen, og Robert Bly kjem til Utne med ferja, etter å ha vore ein tur til Ulvik. Me får oss mat på Utne Hotel og samtalar lenge. Eit nytt dikt skal prøvast ut, lydast på, granskast. Han har sut for at einkvan må omsetja det. Brått ser han på meg: «Eg trur ikkje Olav kjem i dag. Der er ein ting til; korkje du eller eg kan ta ansvaret for at han døyr av påkjenninga.» Det er alvorsame ord. Ikkje berre fordi Olav må avstå frå møtet, men fordi han er alvorleg sjuk.

No må vi finna ei anna løysing for programmet på poesikvelden på Utne. Korleis presentera Olav H. Hauge i møte med Robert Bly når berre den eine av dei er til stades?

Mange av Olav H. Hauge sine venner hadde meldt at dei kom, også kjende poetar. Kunne nokon av dei lesa Hauge sine dikt? Ein av vennene hans, Idar Stegane, professor i litteratur ved Universitetet i Bergen, tok leiinga og organiserte opplesinga saman med Robert Bly.

Denne kvelden vart ei oppleving av dei sjeldne. Robert Bly var i sitt ess der han las både eigne dikt og dikt av Olav H. Hauge, som han hadde omsett til amerikansk. Robert Bly har sin eigen måte å lesa dikt på - han les med vekt på kvart ord, og alltid les han diktet to gonger. Forfattaren Arvid Torgeir Lie, Idar Stegane og Bodil Cappelen las dei norske versjonane av Bly og Hauge sine dikt.

Olav H. Hauge hadde rett. Ingen las dikt som Robert Bly. Ingen som var i storsalen på Hardanger folkemuseum vil gløyma denne diktkvelden. Robert Bly var briljant, og las nokre av sine nye dikt der han æra Olav H. Hauge, som var utruleg til stades gjennom dikta sine.

Gravferda

Olav H. Hauge døydd 1. pinsedag den 23. mai 1994. Ein stor diktar hadde gått ut av tida.

Det var gravferd i ei fullsett Ulvik kyrkje, der vi sat tett i benkane. Hesten drog vogna med kista opp bakkanen til den nye kyrkjegarden i Ulvik, på høgda over kyrkja.

Olav fortalde meg ein gong at det var far hans, Håkon Hauge, som hadde mura opp denne gravplassen. No vart sonen Olav mellom dei første som fekk grava si her.

På gravsteinen står:

Olav H. Hauge
18-8-1908 23-5-1994

Opn mine augo Herre
so eg kan betre sjå
Underet – ikkje berre
avglansen utanpå

For Olav H. Hauge

There are some people who stand like
rocks,
But breathe. Some stand so. Rocks
Accept snow, can live all winter
Reading a page of Thoreau each day.
This man carries the burden and culture
Nobly. What men said in Oxford
In 1942 he remembers, and the day.
When is a poem great? When each line
Is like
A stone wall that lets the poor, like
You, in and protects you. When not
A word can be changed, but it breathes.
The great poem is a stove that makes
food
But has strong claw feet.

Robert Bly, April 14, 1994, Utne

Kjelder

Olav H. Hauge. 1972: *Odin House, Madison Minnesota*

Robert Bly. 1987: *Trusting your life to water and eternity. Twenty poems by Olav H. Hauge.*

Robert Bly. 1997: *Morning poems*
Ågot Gammersvik. 1997: Notatar og
artikkel i tidsskriftet «Dyade» 1994,
s. 6–13.



Gravstaden til Olav H. Hauge. Bilete: Håkon Gjerde

MINE MØTE MED OLAV H. HAUGE

Truls Horvei

Eg har møtt Olav H. Hauge fleire gonger, på ulike vis og i ulike fasar. Desse møta har sett spor. Ikkje minst har Hauges korte haiku-liknande dikt vore ein vegvisar i mi eiga diktning.

Mitt første møte med Hauge-dikt var på gymnaset. Olav H. Hauge var pensum. Eg oppdaga han samtidig som eg las Paal-Helge Haugen sine omsetjingar av kinesiske dikt - og ikkje minst haikusamlinga *Blad frå ein austleg hage* (1965). Det verka som dei austlege diktarane heldt på med det same som Olav H. Hauge.

I dag såg eg var det første Hauge-diktet eg kom til å like. Konkret og pirrande på same tid.

*I dag såg eg
two månar,
ein ny
og ein gammal.
Eg har stor tru på nymånen.
Men det er vel den gamle.*

Seinare vart eg fascinert av at det sat ein fruktbonde i Ulvik og visste så mykje om verdslitteraturen, som kunne gjendikta poesi frå fransk, tysk og engelsk. Bertolt Brecht, Arthur Rimbaud, Robert Bly. Store namn, solide poetar. Var det mulig ein gong å få møta Hauge personleg?

Opplesaren

Første gong eg hørde Hauge sjølv fortelja var tidleg på 1980-talet. Han vart invitert opp til Universitet i Bergen. På den tida studerte eg allmenn litteraturvitskap, og eg hadde nok ein forfattar i magen. Professor Atle Kittang ville presentera gjendiktaren Hauge.

Den høge, lågmælte hardingen sa nokre ord. Kan ikkje hugsa kva, berre at vi studentar sat merksame som om vi møtte ei legende. På den tida var posisjonen til Hauge stigande. Han blei omtala som den største norske lyrikaren etter andre verdskrigen. Berre Rolf Jacobsen kunne måla seg med han.

Andre gongen eg fekk sjå Hauge var under eit skrivekurs på Hardanger folkehøgskule i 1985. Lange dagar og oppgåver med skrivning enda med ein festkveld der forfattarspirene skulle lesa opp. Eg måtte heim til mi nyfødde dotter, men fekk tatt eit foto av kursleiarane Per Olav Kaldestad og Eldrid Lunden saman med ekteparet Hauge/Cappelen.

På 1980-talet var det mulig å få oppleve Olav H. Hauge «live». I 1988 var han festspeldiktar og las på Småscenen på Den Nationale Scene saman med andre forfattarar. Korte



Olav H. Hauge i hagen på Rossvoll i 1993. Foto: Truls Horvei

dikt framført på hardingmål. Deretter kunne det komma litt klukkande lyder mellom orda. Av og til gjentakingar av ord, ein munnleg måte å lesa på. Fascinerande. Han las heilt sikkert *Katten*:

*Katten
sit i tunet
når du kjem.
Snakk litt med katten.
Det er han som er varast i garden.*

På Rossvoll

Åra gjekk. Eg lurte på om det ville vera mulig å få snakka med dikteren, få eit intervju for Haugesunds Avis, der eg var journalist? I august 1993 fylte Hauge 85 år. Mang ei diktarspire hadde komme seg til Ulvik for å møta han. Kanskje med ei diktbonke i handa. Eg kom med blokk, penn og fotoapparat med gamaldags svartkvitt-film. Vi sette oss i stova. Bodil var på Voss den

dagen. Han ville gje meg kaffi.

Men intervjuaren er ingen kaffidrikkar. Han vil heller ha te. Då seier Hauge: «Dei intellektuelle drikk kaffi, det kvesser tankane. Men britane drikk jo te. Det é so.»

Hauge vil og vite om eg har studert. Eg seier som sant er at eg er ein halvstudert røvar og har berre har snust på litteraturfaget.

«Eg har respekt for dei som har sitte under kateteret til professor Atle Kittang i Bergen. Eg er ikkje ein teoretisk utdanna mann, sjølv om eg har lukta på det», seier dikteren.

Gjendiktaren

Dermed kan sjølv intervjuet begynna. Vi snakkar om forfattarskapen hans, lyrikarar han har lese. Om tingdikta hans og sonettar, kvifor han har valt den diktforma. Og vi pratar ein god del om å gjendikta. Her kjem ut-

drag frå intervjuet.

«Gjendiktingane til Hauge er komne i fleire band. På stovebordet ligg ei tjukk pocketutgåve.

- Det er denne som gjeld no, seier Hauge. For stadig gjer han endringar. Stryk ei line, ikkje nøgd med det han har gjort før.

Det er ikkje for ingenting at Hauge vert kalla europearen. Han har alltid hatt antennene ute og motteke impulsar frå heile verdslitteraturen. Og omsett ei rad diktarar frå England, USA, Frankrike og Tyskland.

- Eg har sjeldan hatt konsulent på umsetjingane mine. Du lyt stola på deg sjølv.

- Er det nokre utanlandske namn du kjenner deg i slekt med?

Diktaren tek seg til hovudet, tenkjer lenge.

- Dei fleste eg har gjendikta er jo svært framskotne namn. Robert Bly kjenner eg sjølv. Namnet kjem frå Bleie i Hardanger. Eg likar det Bly gjer, han er mangfaldig. Men han er for lite kjend i Noreg.

- Bly vekte oppsikt med boka *Mannen*, som er utgjeven på norsk, om det å vera mann og mannsroller?

- Boka hans er eit langt essay. Ikkje nokon vitskapeleg rapport. Sume meldarar trudde det. Folk har jo teke han dødeleg alvorleg.

Igjen eit smil i det rukkete ansiktet. Eit ansikt av levdt liv.

Etter samtalen får eg sjå biblioteket hans med bøker langs alle vegane. Ei nærast legendarisk boksamling, som no er katalogisert. Vi går gjennom atelieret til Bodil. På stafeliet heng eit portrett under arbeid av Jon Fosse. Når eg spør om yngre

forfattarar, nemnde Hauge både Fosse og Lars Amund Vaage. Og Fosse nemnde Hauge sitt namn då han fekk Nobelprisen i fjor i Stockholm.

Tittelen på intervjuet blei: «Eg har gjort fælt lite». Sju diktsamlingar av høg kvalitet var no ikkje så lite. Etter kvart kom dagbøkene hans i fem bind, og no er mangfaldet av litteratur om Hauge breitt og stort.

Dikt om Hauge

Stunda på Rossvoll er snart over. Ein gild føremiddag har det vore. Eg gir diktaren mi tredje diktbok, *Stjernehuset* frå 1992 og får signert mi utgåve av hans *Dikt i samling*.

Etter praten er det tid for å ta bilete. Vi går ut i hagen. Eg vil gjerne ha bilete av han ved steinbordet. Under eitt halvt minutt får eg. Det er ikkje mykje tid til å til å fanga inn mennesket, blikket hans, ansiktet. Nokre kjappe eksponeringar. Så reiser han seg. Frukttree er fulle av eple. Blå himmel, høge fjell.

Opplevinga skreiv eg om i eit dikt fleire år seinare. Det er med i boka mi *Moods of Horvei* (2011). Diktet *Samtaler* er tredelt, og slik går Hauge-delen:

*I dag hørte jeg Hauges stemme, så
ansiktet hans på film. Den klare røsten
med alle pausene, med verdensbiblioteket sitt i Ulvik.
Når jeg leser ham får jeg lyst å skrive
kort, hogge ned et tre, kviste ordene.
Her er ord nok for et liv.
For seint å besøke Hauge igjen. Etter
samtale og te fotograferte jeg ham
ved steinbordet i ti sekunder.
Så reiste han seg og fuglene lettet fra
epletrærne.*

Haiku

Inspirert har eg nok blitt av Ulvik-diktaren. Særleg dei korte haiku-liknande dikta hans. Eg har sjølv prøvd meg på den japanske diktforma. Ein periode reiste eg rundt med haiku og musikk i bagasjen saman med muskar Roy Ole Førland. «Haikutronics» kalla vi prosjektet. «Frå Hauge til haiku» blei ein variant av dette. Også det eit DKS-prosjekt. Eg ser av gamle notat at eg har snakka om Hauge på Sunnhordland museum, og skrive fleire artiklar om han i mi eiga avis. I diktet *Nyåret 1970* kjem Olav H. Hauge nær haikuen:

*Ei svart prestekone
er komi uventa til gards.
Og ein gul ulv.*

Eg trur sannleg at diktet mitt «Hverdagene» kan ha ei link til dette Hauge-diktet. Det er henta frå samlinga *Stjernehuset*:

*Hverdagene kommer luskende
som grå ulver
Vi stenger dem ikke ute
Vi lever blant dem*

Portrett

Seinare fekk eg lyst til å måle eit portrett av diktaren. Eg likte Hauge-portrettet i svart-kvitt som eg tok året før han døydde. Det heng på arbeidsrommet. Eg brukte det som inspirasjon. Å måle er noko eg har teke oppatt etter at eg blei pensjonist. Biletet er min versjon av Olav H. Hauge, det var det eg fekk til. Det er vel i ånda etter hardingen.



LAGSPENGAR FOR 2025

Vi minner om lagspengar for 2025: Kr. 250,-

Betal til Venelaget Olav H. Hauge


Konto: 3450.30.01960 Anders Opheim, Hjeltnesveien 109, 5730 Ulvik

Eller: **VIPPS: #586853**

Hugs namn og adresse og e-post.

FRIST: 5. januar 2025

E-post til Venelaget: aagot.gammersvik@gmail.com



Hauge noterte flittig i margin på bøkene sine, og var i dialog med det han las. Fleire av bøkene hans er digitalisert av Haugesenteret. Foto: Ådne Dyrnesli / Haugesenteret

KVAR FINST SKRIFTLEG MATERIALE ETTER OLAV H. HAUGE?

Alf Gunnar Eritsland

Forskarar og formidlarar treng å vita kvar dei finn materiale som kan kasta lys over livet og diktninga til Hauge. Leiar ved Haugesenteret, Jorid Lekve Eide, fortel kva institusjonar som forvaltar materialet etter Hauge, og kva som er samla på Haugesenteret i Ulvik.

Kven tek vare på skriftleg materiale etter Olav H. Hauge?

Tre institusjonar har ansvar for materialet etter Hauge. Dagbøkene i original finst på Nasjonalbiblioteket. Universitetsbiblioteket i Bergen har diktmanus og ei brevsamling. På Haugesenteret er bøkene til Hauge den mest omfangsrike delen av samlinga. Elles har me breva mellom Bodil Cappelen og Olav H. Hauge, dessutan foto, klypparkiv, nokre kladdebøker og ymse anna.

Kven har tilgang til samlinga på Haugesenteret?

Når det gjeld boksamlinga, blir meir og meir materiale gjort tilgjengeleg for alle via digitaltmuseum.no. Av anna arkivmateriale i magasinet på Haugesenteret er nokre få av desse teke bilde av og lagt på digitalt museum, men brorparten er berre tilgjengeleg for tilsette. Grunnane til dette er dels at det er så langt me har kome i arbeidet, og dels at ikkje alt materiale nødvendigvis har like stor ålmenn interesse. Konservator ved Hauge-

senteret, Stein A. Hevrøy, skreiv om tilgangen til materialet ved senteret i Venelagsheftet desember 2018: https://www.venelagethauge.no/wp-content/uploads/2024/05/Venelagshefte-desember_2018.pdf

Kva stoff kan vere aktuelt å overlate til arkivet på Haugesenteret?

Når det gjeld samlinga på Haugesenteret, er bøker som beiseleg har tilhørt Olav H. Hauge av størst interesse. Bilete kan også vere det. Samtidig er Nynorsk kultursentrum, som me er ein del av, restriktive med å ta inn materiale. Grunnen er utfordringar med å få registrert og formidla det me allereie har, plass til oppbevaring, og spørsmålet om kven rett instans for materialet er. Me har interne diskusjonar med tanke på kva me kan ta inn og ikkje, og også om me bør gå i dialog med andre institusjonar dersom det er grunnar til at det som er sendt inn kan skje heller bør liggje hos desse.

Kven bruker samlinga, til kva føremål?

Når det gjeld boksamlinga, er det aukande interesse frå litteraturforskarar, ikkje minst i forskinga til konservator Stein A. Hevrøy. Elles er særleg boksamlinga ei kjelde til formidling. Ho blir nytta både til omvising for enkeltgjester og ikkje minst for skuleklassar. Elles har me formidla ein del foto av Hauge til bruk i publikasjonar og til arrangement.

OLAV H. HAUGE OM JOL OG VINTER

Nokre glimt frå dagbøkene

Guri Hjeltnes



Olav H. Hauge skreiv dagbøker gjennom eit langt liv, om stort og smått, om kvardag, arbeid og litteratur, om lesing og diktning. Eg har dykka ned i noko av det Hauge skreiv i desember, kring jol og nyttår, frå dei tidlege tiåra og fram til siste året. Her er eit utval av desse tekstane.

Desember 1927

Eg hev studert H.G. Wells' *Outline of History* no, og eg lyt segja det er ei god bok. Det er 7 år sida denne boki kom ut og verket vart ein enorm success og hev gjenge sin sigersgang yver verdi. Men det var Wells som hadde skrive henne òg! ...

Ja det er ein hugnad å lesa Wells; det er åndeleg svir. Det gneistar og sprakar av tankar og hugskot, han vert aldri tom. Tenk berre på den vesle esaien "Discovery of the Future"! Make-laust!

Joli 1937

Hyggeleg og fredsamt. Radioapparatet vårt er kome. Moro å ha. Fær ein lyda ei stund må ein verta ein rein språk-ekspert. Det er eit «Cerenato» til 400 kr., Filipps.

Eg hev so mykje eg skulle skrive

um, men eg tolker diverre so lite slikt. Me er no flytta frå Brisingbrotet og ned på Rosvoll der far hev bygd på det stykke han tok unda då han skøyte garden til eldste bror min, Pål. Svært triveleg her no, gode hus, både stove og løe. Stovehuset er ein rein villa. Hev skrive til Lunde¹ og fortalt at alt gjeng berre bra. Vonleg er det verste yverstade. Helsa på Gjert og Oddvin og Jens. Dei to fyrste er Åsstudentar, Oddvin vert ferdig no i vår.

Nyår 1938

Hev lenge tenkt eg skulde skriva ei bok um lag slik som *In Memoriam* av Ten-nyson. No heve eg ferdig um lag XVI. Han heve på lag 135, - tenkjer eg. Enkle, gode dikt, eins form. Ho er no 100 år gamal. Her er eit døme som eg hev laga:

So tagna tunge kyrkjeklokka ...
Det leid langt ut i grå desember ...
(Det var oktober månad alt)
Det gråna regnet yver teig og trø,
so grått og surt, so audt og kaldt,
og gleras på frå ein kaldsleg sjø
der bylgjor gjekk som smalevember

Me stod der, grendi, attmed gravi.
No var han atter millom oss,
og skulde få seg grav og kross
frå ferdi yver store havi.²

6. januar 1938

Elles hev eg stræva med ein del sonetar; no hev eg soleis 60, men mange er diverre for ringt forseggjorde. Slikt krev mykje arbeid. Eg toler elles ikkje noko arbeid, og var tenkt å lata vera alt saman. Det svarar seg ikkje. Den vesle lysti må det gå an å tøyma.

2. desember 1946

Sjå kor einfeltdt Vesås skriv. I *Kjeldene*, diktsamlingi hans som kom no til jol, ser ein døme på dette. So liketil, so naturleg. Kva skal alle dei store ordi, skøytet, vera til? Svada er svada. Ord for ords skuld er gale. Ordet skal tena innhaldet og ingenting anna.

20. desember 1946

GLØR I OSKA Ja, i dag fekk eg sjå diktsamlingi mi som Noregs Boklag hev gjeve ut. Boki er ven. Korrekturfeili ikkje nemnande, papiret nokso bra. Ho er 127 sidor og kostar kr. 7,72 ser eg det stend i *Norsk Tidend*.

Ja, diverre vart ikkje utvalet so godt som eg vilde. Ting er komne med som ikkje burde vore i boki. Eg hadde då havt mange gode ting som heller burde vore med. Men det er so når helsa svik ein. Diverre var eg ille sjuk i fjor so eg fekk ikkje gjennomarbeida manus-kriptet slik som eg hadde tenkt etter rettleidingi til konsulentane. Fyrst nok i haust kom eg meg. Eg las korrektur på boki på Valen. – Ja det vert korkje gull eller ære å vinna, men det venta eg nok ikkje heller. Men boki hev kosta meg mykje stræv, det skal vera visst, so eg tenkjer det er både fyrste og siste gongen eg gjev ut nokor bok. Og ikkje legg nokon merke til henne heller – det slepp eg syta for. Bokflaumen er so stor at ho druknar. Gudskjelov.

Joledag 1954

Biskop Indrebø tala i dag, frå Domkyrkja i Bergen. Det er sjeldan eg lyder etter preik, men i dag fylgde eg med. Han tala om sjølvлага kristendom, det var visseleg råkande, nesten noko ibsenskt over det han sa, noko absolutt i kravi. Men det merka ein, at her tala ein som er langt komen, både i tru og tenkjing.

Dagane fyre jol 1993

Ein fin haust har me hatt, turrare enn folk kan minnst. Og no er julesnjoen komen. Nei-sida i EF-[striden] veks, som vel er. Me les *Klassekampen*.

Jol (e) dag 1993

Slik skal ei norsk jol vera: Luvande tre under snjo, kaldt og stilt. Stålis på fjorden, som har lagt seg etter snjoen kom.

Eg held meg inne, passar kaminen, lager meg te med honning. Det hjelper for helvetes-elden, som eg dregst med i vinter, endå det er fire år sida eg hadde sjukdomen, med verk og blemor på høgri sida av bringa. Herpes zoster skal ein akta seg for å få, i alle fall er du gamal, du fær kjennes av sjukdomen so lenge du lever. Det forstår eg no....

Nyttårsaftan 1993

Jan Erik Vold ringde. Lang prat. Bodil er på Gjerdåker hjå Jon og Kjellaug. Eg tregar på at eg ikkje vart med. Eg var redd forkjøling.

1.sundag i Det nye året. 1994

Til middag hjå Aud og Knut Hamre. Fint vintervær.

Olav H. Hauge døydd 23. mai 1994.

¹ Hauge var i fleire periodar pasient ved Valen sjukehus, der Konrad Lunde var leiar og Hagues lækjar.


² Her er med to av fem strofer.

[illegible]

Ågot Gammersvik, leiar – aagot.gammersvik@gmail.com – tlf 917 75 735
Guri Hjeltnes, nestleiar – guri.hjeltne@hlsenteret.no – tlf 452 30 353
Alf Gunnar Eritsland, redaktør – Alfgunnar49@outlook.com – tlf 992 74 225
Ingebjørg Winjum, skrivar – ibwinjum@hotmail.com – tlf 404 03 863
Håkon Gjerde, styremedlem – hakgje1@gmail.com – tlf 901 30 193

Vidar Vambheim – vidar.vambheim@uit.no – tlf 452 19 633
Ådne Sandvik Dyrnesli – adne.dyrnesli@gmail.com – tlf 452 45 423

Anders Oppheim, andersko@ulvik.org – tlf 971 83 532
Hjeltnesvegen 209, 5730 Ulvik



Returadresse: Ågot Gammersvik, Marihaugen 30, 5302 Strusshamn

UNDER STJERNONE

KVA ER DET SOM HAR DRIVE MEG UT
UNDER DENNE STRIDE MORGONHIMMELEN?
DEI BLÅ, KRAVSTORE STJERNOR,
KVA ER DET DEI VIL?

FJELLI LOVAR INGENTING. — VIK BERRE
SO DEI SLEPPER FJORDEN INN
OG ELVANE NED, OG STEND
FORHERDA UNDER SNØEN.

MEN SKOGLIDI, SKOGLIDI HAR
KASTA SEG LANGFLAT
OG NEKT SI ARMOD UNDER STJERNONE.
DET ER MI EIGI KVIDE, MI EIGI SÅRNAUD
SOM LIGG DER JARNSVART OG BLØDANDE
OG SVÆR Å GRØNKAST OG SYNGJA.

OMSLAGET ER TEIKNA AV
KRISTIAN KROHG-SØRENSEN